



\* Hildegunn Bondhus kosar seg med Hilma.



\* På Krøvelen er det god plass til å leike i hagen.



\* Lydnadstrening i ha

# Hundeliv i landlege omgj

Hildegunn Bondhus og mannen hennar flytta nyleg frå Ørsta sentrum til Åmdalen. Her har dei funne seg ei perle som passar perfekt både for dei sjølve og hundane. Hildegunn driv oppdrett av rasen Lagotto.

Ein liten gyllen kvalp med krølla pels møter oss i grinda. Rett bak kjem matmor Hildegunn Bondhus. I uthuset ligg tre andre hundar og kosar seg i ettermiddagssola. Hildegunn er ei kjend «hundedame» i Ørsta. Ho sit i styret for Volda og

Ørsta hundeklubb, driv med oppdrett, trenar agility (lydnad), og ein av hundane hennar trenar seg opp til å bli redningshund.

## Flytta på landet

Hildegunn og mannen kjøpte for snart to år sidan ein landleg, fire mål stor eigedom på Krøvelen i Åmdalen. Etter mange år i Rystefeltet i Ørsta, hadde dei lyst på eit hus med stor hage. Først fann dei ein eigedom i Ørsta sentrum.

– Men vi fann ut at huset var alt for stort. Så dukka denne staden opp. Huset var lite og i god stand, og hagen passa perfekt for meg som driv med hundar, smiler Hildegunn. Mange var skeptiske til at dei skulle flytte ut på landet, men ekteparet har ikkje angra eit sekund.

– Her er lunt og godt. Det kan blåse nede i Ørsta, men er framme er det stilt. Hundane kan springe

fritt i hagen, seier Hildegunn når vi har funne oss kvar vår stol i partyteltet nedst i hagen.

Det var mange som var interessert i denne flotte eigedomen, så Hildegunn føler litt på at dei gjekk forbi unge folk som var meir knytt til Åmdalen enn dei er.

## Eigen hund

Den hundinteresserte dama kjem opphavleg frå Syvde. Besteforeldra hennar hadde gard, så ho er vand med dyr.

– Heilt frå eg var elleve år hadde eg lyst på eigen hund. Eg fekk ein hund på den tida, men foreldra mine delte ikkje interessa mi. Så det vart ikkje noko langvarig prosjekt.

– Når fekk du hund som vaksen?

– Det var ikkje før borna våre hadde vorte ganske store. Eg er skeptisk til at familiar skaffar seg hund når dei har små born i hus.

Dei vaksne må ha grenser, utan vert det berre styr, seier ho bestemt.

## Fire hundar

Heime på Krøvelen har familien Bondhus no fire hundar som bur hos dei fast. Tre er av rasen Lagotto Romagnolo, som er ein italiensk såkalla vasshund. Og så har dei ein Border Collie.

Namna deira er Ayla, Maya, Ted og Hilma. Den yngste er ein Lagotto-kvalp på sju veker.

– Den har eg nyleg kjøpt i Sverige, der det er veldig mange som driv med oppdrett av denne rasen, opplyser ho.

## Forvertar

Hildegunn eig også fleire hundar, men dei er utplasserte og «er på for» hos andre.

For Hildegunn driv med oppdrett av Lagotto Romagnolo. Ho

har eiga heimeside, og kallar verksemda for «Skjervtorpet». Det var på byrjinga av 2000-talet ho starta med dette.

– Kva meiner du med at hundane er på for hos andre?

– Det vil seie at andre gir dei husrom og mat, men at eg brukar dei i avl, og at dei kjem heim til meg når dei skal føde. Då bur dei her i to månader. Når dei har hatt nokre kull, får förvertane tilbod om å få hunden, forklarar oppdrettaren.

Hildegunn har no fire tisper som er på för. Dei bur i Selbervika, Grotli, Bergen og Ålesund.

– Eg synest det er ideelt at forvertane bur så nær meg som mogleg. Slik at eg kan følgje dei tett opp, seier ho.

Av og til har oppdrettaren ei anna ordning. Ei veninne av henne har kjøpt ein kvalp av henne, men dei har ein avtale om at Hildegunn likevel skal følgje tett opp. No skal denne snart ha kvalpar.

## Populær rase

Hunderasen Lagotto er populær, så det er ikkje vanskeleg å få selt. Det er om lag ti som driv med oppdrett av denne rasen i Noreg. Hildegunn fortel at dei ikkje konkurrerer, men samarbeider. Dette er opphavleg ein Italiensk rase. Dei vart nytta til å grave opp trøflar. I Italia kan ein finne etande trøflar, noko som kan gi god inntekt. I Noreg er ikkje trøflane etande. Rasen er difor mest nytta som familiehund. Den røyter ikkje, men samstundes kan den ikkje brukast til vakhund, fordi den er så tillitsfull. Hundane kjem i mange fargar.

## Rett familie

Når oppdrettaren Hildegunn skal selje kvalpar er ho svært oppteken av at dei skal kome i rett familie.

– Eg snakkar lenge med folk på telefonen, dersom det er langt å reise. Elles kjem eg på besøk. Det er eg som vel kven som skal få kjøpe ein hund, og kva kvalp dei skal ha. Eg gir ikkje den mest viltre hunden til ein familie med eit par born i 2–6 års alderen, poengterer ho.

Hildegunn meiner også at folk



\* Hildegunn Bondhus, mannen hennar og hundane har funne seg eit paradisi på Krøvelen i Åmdalen.



agen.



\* Hilma.

# evnader

må bruke god tid på å finne ut kva hund som passar for dei. Ein Border collie, treng til dømes veldig mykje mosjon, og er på «jakt» heile tida.

Ho synest også at folk er for seine til å kome seg på kvalpekurs. Dei kjem gjerne når hundane er sju månader, når dei har teke til å få problem med dei.

- Det er lettare å dressere ein hund, enn å lære den av med uvanar, seier den erfarne hundeeigaren.

Det verste ho ser er hundar som har kome til feil familie. Ein del vel hund mest berre ut ifrå utsjånad, er inntrykket hennar.

- Nokre trur at hundar likar å ligge i sofaen og kose seg. Det er heilt feil. Alle hundar treng å røre seg, om ikkje alle treng det like mykje, seier ho litt strengt.

## Stor aktivitet

Sjølv går Hildegunn tur med hundane sine to gongar om dagen. Første ein morgontur, og så ein tur på fleire timar på ettermiddag/kveld. Eventuelt ei treningsøkt med lyd- naden i staden for fjelltur.

- Eg går aldri langs vegane. Vi held oss alltid i marka eller på fjellet, fortel ho.

Når Border collien trenar seg opp til å bli redningshund, ligg dei andre tre i bilen, men får lufte seg av og til. Alle hundane driv med lyd- naden.

## Rasehundar er best

Og stadig reiser ho på utstillingar. I sommar har ho vore i Nederland på Lagotto-utstilling. Eit år var ho med på verdsutstillinga i Finland. Ho kjem alltid heim med premiar.

- Det er veldig lærerikt å treffe andre som driv med det same, seier Hildegunn, som er svært oppteken av at dei gode eigenskapane til rasen skal gå vidare i neste slektsledd.

Noko ho ikkje er begeistra for er alle blandingshundane som har vorte på moten. Spesielt irritert er ho fordi kronprinsparet går føre med eit dårleg eksempel.

- Dei har valt ein blandingshund, utan stamtavle. Og har kjøpt den av nokon som berre tenkjer på pengar,

seier ho oppgitt.

- *Kvifor er det viktig at ein hund er rasehund?*

- Det er fordi dei er avla fram for at hunden skal ha det så godt som råd, at den skal kunne røre seg på ein best mogleg måte. Dessutan veit ein mykje om bakgrunnen til hunden. Mange trur at blandingshundar er best, men det er ikkje sant, understrekar ho.

## Nesten alt

- *Kva betyr hundeeinteressa for deg?*

- Den betyr nesten alt. Det er aldri noko ork for meg å drive med hundane, det er berre kjekt. Dessutan føler eg det er nyttig å til dømes drive med redning. Snart skal vi trene på å finne menneske under vatn. Eg har fått to døde grisungar som vil skal leggje i vatn, og så skal hundane prøve å finne dei, fortel ho.

I tillegg til å reise på utstillingar, drive med oppdrett og trene på å finne menneske som har forsvunne, har ho det også sosialt når ho kvar veke møter likesinna i Ørsta og Volda hundeklubb ved Tussa i Hovdebygda.

✉ INGILD RUNDE



\* Ayla (Border Collie), Maya, Ted og Hilma (av rasen Lagotto Romagnolo) saman med matmor Hildegunn Bondhus.